

Retningslinjer for «Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom si verksemd har ekstraordinær lokal verdi»

Alver kommune lyser ut midlar til driftstilskot til verksemdar innan kultur og idrettsfeltet som har ei monaleg verdi for kulturlivet i kommunen og driv kommunefemnande aktivitet og/eller verdi. Søknadsfristen er 01. mars kvart år. Søknadane skal handsamast i samband med økonomiplan. Tilskot skal vere med å fremje eit aktivt og allsidig kunst-, kultur- og idrettsliv i Alver.

Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i Alvers politiske målsettingar og strategiar innafor kulturområdet.

Kven kan søke

Aktørar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet i Alver kommune. Dette gjeld også aktørar som har hovudkontor utanfor Alver, men som driv si verksemd i kommunen. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), ha eit tydeleg føremål innan kunst, kultur- og idrett og ha sterk verdi, det vil seie verdi for heile Alver kommune.

Kva kan ein få støtte til

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Eit tilskot må vere knytt til verksemda sine egne vedtekne føremål og planar, og grunngjeve ut frå Alvers politiske målsettingar og strategiar innafor kulturfeltet.

Tilskot har eit langsiktig, strategisk preg og går som hovudregel til varige føremål. Ein kan maksimalt søkje for ein valperiode som er 4 år, gjeldande frå 2024. Innvilga søknadar gjeldande frå 2022, vil kunne gjelde fram til ny valperiode.

Det er dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske rammar som gjeld for ordninga. Tilskot gitt over fleire år vert rullert årleg i samband med økonomiplan.

Rapportering

Lag/organisasjonar og institusjonar som mottek driftstilskot, skal rapportere på drifta i påfølgjande år etter dei har motteke støtte, og innan 01. mars. Ved rapporten skal det ligge føre godkjend årsmelding og rekneskap.

Om ikkje rapport blir levert innan frist, inneheld manglar, eller visar at tilskotet ikkje er nytta til formålet, vil vidare tilskot fråfalle og kommunen vil vurdere krav om tilbakebetaling for tidlegare år